

Saksframlegg

Saknr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	02.12.2015
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Rådmann/stab	Per Inge Olsen		
Avgjerslemynde:		Sak Id: 15/2881	Klassering:	

Framlegg budsjett 2016

Saksopplysningar:

Rådmann sitt framlegg til budsjett med kommentarar er lagt ved saksutgreiinga som vedlegg. Framlegget som vart utsendt på epost 4. november, og merket med oppd. per 03.11.2015, er korrigert med mindre skrivefeil til ny versjon per 20.11.2015. I tillegg er kapittel 9.6 om private barnehagar oppdatert med tabellar som viser nye tilskotssatsar av 9. november 2015 frå Utdanningsdirektoratet. Det er ikkje gjort endringar i sjølve budsjettframlegget som følgje av dette. Det er elles ingen endring i innhald.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- «1. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjett for 2016. Framlegget til budsjett vert lagt fram til offentleg ettersyn i samsvar med gjeldande reglar i kommunelova.
2. Kommunestyret godkjenner rammer for budsjettet for 2016 slik:
 - Inntekter frå skatt og rammetilskot kr 407,93 mill.
 - Netto inntekter frå eigedomsskatt kr 18,7 mill.
 - Netto utgifter andre finanspostar kr 3,89 mill.
(Utbytteinntekter, renteinntekter, rentekompensasjonsmidlar, utgifter til avskrivningar, renter og avdrag på lån inkludert interne kalkulatoriske postar).
 - Netto driftsramme (utgifter) for alle tenestoområda kr 422,74 mill.
3. Heimel for utskriving av eigedomsskatt i Meland kommune er Eigedomsskattelova §§2 og 3. I samsvar med Eigedomsskattelova § 3 vert eigedomsskatt skrive ut på alle faste eigedomar i kommunen i 2016. Eigedomsskatt på verk og bruk, andre næringseigedomar og oppdrettsanlegg vert utrekna etter skattesats 7,0 promille i 2016.

Eigedomsskatt på hus og fritidseigedommar, samt andre eigedommar vert utrekna etter skattesats 3,5 promille i 2016. Eigedomsskatten for 2016 forfell i 3 like terminar med forfall 31.mars, 31.juli og 30.november.

4. Kommuneskatt på personleg inntekt og eige jfr. skattelova §19, vert utrekna i samsvar med dei satsar som vert vedteke i statsbudsjettet for 2016. Det kommunale skatteøyre er fastsett til 11,80 % i 2016.
5. Framlegg til brutto investeringar i 2016 er totalt kr 155,980 mill. Av dette kr 116,380 mill. til ordinære driftsmidlar medan kr 39,6 mill. er til investeringar til vassverk og avlaup som vert finansiert via sjølvkostrekneskapa for vassverk og avlaup.
Brutto investeringar i 2016 er finansiert slik:
Nye innlån til investeringar kr 134,825 mill.
Kapitalfond til investeringar kr 1,30 mill.
Mva-refusjon kr 19,855 mill.
6. Kr 6,0 mill. vert sett av til vidareutlån av startlån.
Innlån frå Husbanken for å finansiere slikt vidareutlån kr 6,0 mill.
Det vert i tillegg budsjetttert med følgjande postar knytt til startlån:
 - a. Avdrag på startlån til Husbanken kr 2.320.000,-
 - b. mottak av avdrag på vidareutlån med kr 1.500.000,-.
 - c. Bruk av fond til startlån kr 820.000,-.
7. Eigenkapitalinnskot i KLP vert budsjetttert med kr 700.000,- finansiert med bruk av kapitalfond kr 700.000,-.»

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Budsjettframlegg 2016 - oppd pr 20.11.15	55872	23.11.2015
Økonomiske oversikter budsj 2016	55873	23.11.2015
Planar og utgreiingar 2. halvår 2015	55874	23.11.2015
Private reguleringsplanar 2. halvår 2015	55875	23.11.2015